

- Ta med hundepose!

08.12.2008

Fleire turgåarar har henvendt seg til uskedalen.no og påpeika at det er svært irriterande med hundeskit både på fortauet i Kornes og på gang- og sykkelvegen.

- Det er rett og slett ufyselig, seier ein av dei.

- Det er fint at hundeeigarane er flinke til å gå tur med hundane sine. Dei aller fleste er og flinke til å ta med hundeposar, men absolutt alle må bruka dese posane. Hvis dei det gjeld tek dette til seg, blir det trivelegare for alle, seier ein av dei som har irritert seg.